

Kremmartunet



Villumstad. (FOTO: TOR FOLGERØ)

nye Biltema-butikken?

kasjon på kven som har rett.

- For tidleg å svare

- Har handelen auka eller minka etter at Biltema opna?

- Opningshelga hadde me auka trafikk. Men om det held seg, er for tidleg å svare på. I august månad hadde me ein auke på éin prosent, samanlikna med fjoråret. Men det er mange forhold som påverkar omsetningstal, alt frå vêret til kva som skjer i dalen. Me må sjå dette over ein lengre periode

for å gje eit skikkeleg svar. Me må også vurdere tal frå ulike bransjar, seier Geir Arne Johansen.

- Skummar fløyten

I tillegg til å vere dagleg leiar på Kremmartunet, er Johansen også styremedlem i destinasjonsselskapet Visit Gol. Det er Visit Gol som står bak både Goldagen og Fårefestivalen, arrangement som kvart år trekkjer mange menneske til butikkane i Gol.

- At det skal kome butikkar på Storøyne er alt be-

stemt. Me må prøve å gjere det beste ut av det, samarbeide og dra nytte av kvarandre. Men generelt vil ikkje kjedene delta i handelsforeiningar. Dei ser ikkje nytten av det. Det synest eg er uheldig. Dei skummar fløyten når andre jobbar og legg ned ressursar. Eg skulle gjerne sett at dei store kjedebutikkane ville sjå verdien av eit medlemskap i Visit Gol. At også dei vil vere med å gje eit bidrag til fellesskapet og dei aktivitetane me skaper, seier Geir Arne Johansen.



STRIKEVAKT: F.v. Sølve Espeseth og Torgeir Jorde. Felleskjøpet på Gol er framleis open inntil vidare.

Tre tilsette tekne ut i streik

- Det hadde vore greitt å sleppe, men av og til så må det til.

CECILIE SKOGHEIM
cs@hallingdolen.no

Det seier Torgeir Jorde, ein av streikevaktene.

Butikken er open

Over 350 tilsette er ute i streik i Felleskjøpet. I Gol er tre tilsette tekne ut i streik, men butikken er open inntil vidare.

Mekling

Utgangspunktet for konflikten er at Felleskjøpet Agri har gått over frå arbeidsgivarforeininga Spekter til NHO. Det fører til at medlemene i den YS-tilknytte fagforeininga Negotia vil bli

omfatta av ein anna tariffavtale. Dei tilsette i Felleskjøpet som no er tekne ut i streik er medlemmer i Negotia.

- Det er faren for å miste rettighetene me har i dag som er grunnen til streiken, seier Jorde.

- Det var mekling i går, men dei kom ikkje til einigheit. Dermed blei det streik frå tysdag morgon, seier Jorde.

Informerte

- Folk er klar over streiken. Mange har for eksempel høyrte det på radioen. Det har vore ein del folk her, og me har berre fått positive tilbakemeldingar så langt, seier Sølve Espeseth, som også er ein av streikevaktene.

Reiselivsutdanninga i rute

Dersom alt går i orden, startar Norsk Reiselivsfagskole med forelesningar på Bardøla Høyfjellshotell i januar 2020.

MAGNUS LINDAHL
mli@hallingdolen.no

Det vil vere ein milepæl for Hallingdal som i ei årrekke har kjempa for eit høgare utdanningstilbod.

No søkjer reiselivsfagskulen etter lærarar.

Nye arbeidsplassar

Tre 100 prosent undervisningsstillinger er lyste ut.

Skulen søkjer etter lærarar innan fagkretsar som leining, økonomi og marknadsføring, kommunikasjon, hotell- og restaurantdrift. Opphavleg var studiestart i haust. Årsaka til at skulestarten vart utsett, er at utdanninga først må godkjennast.

Det er det Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) som gjer. NOKUT har ansvaret for godkjenning og kontrollerer kvaliteten på utdanningsinstitusjonar. Søknadsfristen var i mars. Det var venta ei tilbakemelding i juni, men denne vart utsett. Men no har skulen kome gjennom første nålauget. Dermed går det mot oppstart i januar.

- Me er i rute, seier ordførar Petter Rukke (Ap).

Han er spent på interessa for dei nye arbeidsplassane.

- Det er ein type arbeidsplassar me er på jakt etter. Dei kan også føre med seg annan kompetanse.

Interesse

I april hadde søkjartalet passert 30.

Av desse søkte noko over halvparten på heilårsstudiet over to år. Resten søkte på deltidsstudium over fire år. Utsettinga fekk ingen konsekvensar for desse og samtlege ønskte å vere med vidare sjølv om studiestarten vart utsett. I haust blir det også ein ny søknadsrunde. Reiselivsskulen er eit offentleg tilbod, og studentane får dermed offentlig støtte. Prisen per semester er 575 kroner. Norsk Reiselivsfagskole er eit resultat av arbeidet Fagskolen Tinius Olsen i Kongsberg, Buskerud fylkeskommune, Regionrådet for Hallingdal og Hol kommune har gjennomført saman med reiseliv/næringsliv på Geilo sidan 2017. Initiativet til fagskulen kom frå Buskerud fylkeskommune då fylkestinget bad Fagskolen Tinius Olsen vurdere om det er råd å få til eit eitt-/toårig skuletilbod i Hallingdal. Lokalt er det regionrådet som står som prosjekteigar. Alle kommunane i Hallingdal har bidrege med tilskot. Og i september løyvde regionrådet 100.000 kroner frå det regionale næringsfondet.